

# Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

**Treeningssøndag – 16. juni 2019**

Preiketekst: **Apgj 17,22-34**

Lesetekst I: Jes 6,1-8

Lesetekst II: Luk 24,45-48

## **DET SOM DE TILBED UTAN Å KJENNA, ER DET EG FORKYNNER DYKK**

Leseteksten frå Jes 6,1-8 handlar om då Herren kalla Jesaia til profet. Det skjedde gjennom eit syn i tempelet. Jesaia fekk blant anna sjå og høyra serafane som ropa til kvarandre at Herren Sebaot er heilag og at heile jorda er full av hans herlegdom. Dette ropet gjentar me framleis i nattverd-liturgien i kyrkja, - i lovsongen Sanctus / Heilag.

Evangelieteksten frå Luk 24,45-48 kan me kalla Lukas sin versjon av misjonsbefalinga. Den oppstadne Jesus opna forstanden til disiplane så dei kunne sjå samanhengen mellom Skrifta (GT) og det som hadde skjedd med Jesus i påsken. Disiplane blei kalla til å vera vitne for alle folkeslag.

Begge lesetekstane har eit universelt sikte; heile jorda (Jes 6) og alle folkeslag (Luk 24). Og dette blir denne søndagen «toppa» ved at Apg 17,22-34, Paulus sin tale i Athen, er preiketekst. Talen er eit viktig eksempel på Paulus si forkyning blant ikkje-jødar.

### **Møtet med Athen**

Viss du kjem til Athen i dag, kan du ikkje unngå å bli fascinert av Akropolis, eit fjellplatå midt i sentrum med fleire imponerende og relativt godt bevarte tempel. Desse templa var allereie 400 år gamle då Paulus kom til byen og blei verande der for å venta på medarbeidarane sine.

Når eg kjem til Athen, er eg først og fremst ein kulturinteressert turist. Eg lar meg fascinera og imponera. Eg studerer templa og andre bygningar og ser på dette som kunst og kultur. Og for meg er det heilt ok å sjå slik på dette. Men eg merkar meg at Paulus reagerte på ein heilt annan måte. Han blei *oppørt då han såg at byen var overfylt med gudebilete* (Apg 17,16).

Athen var ein viktig og mektig by då templa blei bygd på 400-talet f.Kr. Byen var mindre viktig på Paulus si tid. Då var det Korint som var den raskt veksande og viktige storbyen med handel og internasjonale kontaktar rundt i Romarriket. Og Paulus sin misjonsstrategi gjorde derfor at han satsa meir på Korint enn Athen. Men Athen var likevel viktig, på den måten at her levde den greske filosofiske tradisjonen i beste velgåande. Og Lukas har i Apg 17 heldigvis gitt oss del i det viktige møtet mellom Paulus og denne filosofiske tradisjonen som har vore så sentral i vår europeiske kultur.

Paulus nytta ventetida i byen til å samtala med folk, både i det jødiske miljøet i synagogen og blant filosofisk interesserte athenarar på torget (17,17), der også Areopagosrådet hadde sine samlingar. I

ulike samanhengar forkynte han evangeliet om Jesus og oppstoda (17,18).

Teksten viser at Paulus ikkje skamma seg over evangeliet, heller ikkje i Athen! I breva sine la han vekt på at evangeliet er for jødar og grekarar. Det er ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur, også for grekarar (Rom 1,16). Og i møte med den greske kulturen, seier han også at evangeliet er Guds visdom, både for jødar og grekarar (1 kor 1,24).

### **Talen for Areopagosrådet**

Det er vanleg å plassera talen på Areopagoshøgda. Her er det god utsikt opp på Akropolis og ned på torget og byen. Det er likevel ikkje sikkert kva Lukas meiner når han i vers 19 skriv at Paulus blei ført til Areopagos; det kan forstås både geografisk (om høgda) og juridisk (om rådet med samlingsplass på torget). Uansett om talen blei halden på høgda eller på torget, er dette innrykksfulle område under det imponerande Akropolis.

Heilt tilbake til oldkyrkja har det blitt peika på at Paulus, då han blei ført fram for Areopagosrådet (17,19), kom i ein situasjon som kan samanliknast med den viktige filosofen Sokrates som levde i Athen på 400-talet f. Kr. Han måtte også forsvare seg, blant anna for å koma med ei ny lære.

Det er Lukas som har formulert talen slik den er gjengitt i Apostelgjerningane. Han viser oss koss Paulus forkynte i ein slik situasjon. Om ikkje dette er eit direkte referat av Paulus si forkynning, er det naturleg å omtala talen som Paulus sine ord. Innhaldet i talen har også klare parallellar i Paulus sine brev: «*I Rom 1,20-23 skriver han om Gud som skaper og kritiserer avgudsdyrkelsen. I 1 Tess 1,9-10 gir han et glimt av en grunnleggende forkynnelse for hedninger. Her nevnes omvendelse fra avgudene (jfr Apg 17,29-30), den kommende dom (jfr Apg 17,31a), Jesu oppstandelse (jfr Apg 17,31b).*» (I Paulus' fotspor, side 128).

I Athen blei Paulus utfordra til å seia meir om kva han var så opptatt av. Og den anledninga brukte han på ein glimrande måte. Paulus forkynte her til heidningar. Dette er ikkje tale til jødar eller til dei som dyrka Gud (17,17). Derfor tok han ikkje utgangspunkt i GT og forkynte Jesus inn i den profetiske samanhengen, slik han gjorde andre stadar. Nei, her tok han utgangspunkt i tankegangen og religiøsitetet som var aktuell for tilhøyrarane, og det var den greske litteraturen og gudeverda! Lukas omtaler tilsvarande forkynning i Lystra (Apg 14).

### **Innhaldet i teksten:**

Vers 22 f: Innleiing som var godt eigna til å skapa interesse hos tilhøyrarane. Dette blei dei nok nysgjerrige på!

Vers 24 ff: Paulus forkynner Gud som skapar, og det grunnleggjande skillet mellom skapar og skapning. Han legg også vekt på at skaparen har omsorg for skaparverket og gjev liv og ande til alt. Han har altså eit grunnleggande bibelsk perspektiv, sjølv om han ikkje argumenterer ut frå Skrifta. Han peiker på at Gud ikkje bur i noko tempel, same kor flotte dei er (jfr utsikta til Akropolis). Dette svarer til Salomo si bøn ved tempelvigslinga i 1 Kong 8,27 ff. Sjå òg samanhengen med Jes 42,5 og 66,1. Han legg vidare vekt på at skaparen har vist omsorg for skaparverket ved setja inn ordningar og grenser for menneska. Her er det bibelsk bakgrunn å finna i 1 Mos 10,32; 11,9 og 5 Mos 32,8.

Vers 27 ff: Skaparen sette ordningar i skaparverket med hensikt: at menneska skulle søka Gud. Og Paulus forkynner at Gud ikkje er langt borte frå ein einaste av oss. I det følgjande brukar Paulus greske referansar for å få fram poenga sine. Han brukar uttrykk frå diktarane Aratos og Kleantes frå tredje hundreåret f. Kr. «*Med disse sitatene sier Paulus at menneskene er Guds skapning, og at det er Gud som holder dem oppe. Derfor bør menneskene også vise Gud ære. Det gjøres ikke ved å tilbe avgudsbilder laget av mennesker.*» (I Paulus' fotspor, side 128).

Vers 30 f: På bakgrunn av det han har sagt om forholdet mellom skaparen og menneska, forkynner han her omvending, Jesus («ein mann») og ikkje minst Jesu oppstode. Dette med oppstoda må ha

vore sentralt for Paulus, det er også nemnt i avslutninga av vers 18, og han har nok begge stadar utfalda dette meir enn det Lukas refererer.

Vers 32 ff handlar om det som skjedde etter talen: Orda om Jesu oppstode vekte ulike reaksjonar. Nokre spotta, andre ville høyra meir. Me høyrer ikkje om nokon forsamling i Athen i ettertid, men det var nokre som kom til tru på Jesus. To er namngitte: For det første Dionysios frå Areopagosrådet, altså ein leiande person. Kyrkjehistorikaren Eusebios (300-talet) formidlar ein tradisjon om at han blei den første biskopen i Athen. Vidare kom kvinna Damaris til tru. Ho var neppe til stades då Paulus talte for rådet (som truleg bare bestod av menn). Det viser at trua spreidde seg i byen. Dette viser også uttrykket «og nokre andre» i avslutninga på vers 34: ei stille og forsiktig omtale av resultatane av Paulus si verksemd, men likevel tydeleg på at verksemda bar frukt.

Eg tar til slutt med nokre ord som Per Eriksen har skrivne om teksten:

*Av flere grunner har Paulus' tale på Areopagos blitt stående som et eksempel til inspirasjon og etterfølgelse. Det første er at Paulus våget å møte sin samtids lærde på åpen mark. Det andre er hans vilje til å komme sine tilhørere i møte. Paulus kjente både deres religiøsitet og deres filosofi. Det tredje er hans uredde forkynnelse av evangeliet. Paulus lot det ikke være med et vagt kåseri om det guddommelige, han forkynte den oppstandne Jesus.*

*Så skal kanskje vi også våge å vandre på torgene, snakke med folk på kafeene, prøve å forstå deres tro og tenkning, lese deres diktere, se filmene, gå i teateret og på fotballkampene. Noen ganger vil vi kanskje rystes, andre ganger finne åpninger for evangeliet. Det vil være noen som trekker på skuldrene og noen som ler. Men kanskje finnes det fortsatt en og annen Dionysos og Damaris som blir kjent med en ukjent gud. Hvis du bare er der.*

### **Forslag til preike:**

1. Fortelja om Paulus i Athen, om templa på Akropolis og om utfordringa Paulus fekk til å tala for Areopagosrådet.
2. Gjengje delar av hovudinnhaldet i Paulus sin tale.
3. Paulus talte ut frå tilhøyrarane sin kultur og tankegang. Utfordringa til oss er å møte vår tids kultur og tankegang med frimod og å forkynna Jesus inn i denne samanhengen.

### **Litteratur**

I tillegg til ulike kommentarar, har eg brukt boka Sandvei/Baasland/Sandnes: I Paulus' fotspor. Bibel- og kulturguide til Hellas. Verbum forlag 2008.

Sitatet frå Per Eriksen er frå hans tekstverkstad «Før søndagen» i Vårt Land 14.10.2005.

### **Arne Berge**

Sokneprest i Hinna menighet, Stavanger, og frivillig medarbeidar i Den Norske Israelsmisjon

[berge.arne@gmail.com](mailto:berge.arne@gmail.com)